



Meland kommune
- Eit samfunn for alle -

Utsiktspunkt, rasteplassar og parkeringsplassar knytt til friluftsområde

**Rullering på deltema av *Temaplan for idrett, folkehelse og
friluftsliv 2014–2019***

Meland kommune, tenesteområde kultur



Nedanfor Fossen i Mjåtveitelva. Foto – Per Henning Wiken



1. Tilkomst til friluftsområda i Meland	4
2. Kjelder og bakgrunnsdokument	4
3. Definisjoner og føresetnadar.....	5
3.1 Parkeringsplassar.....	5
3.2 Rasteplassar og utsiktspunkt.....	5
4. Økonomi, planlegging og gjennomføring	6
4.1 Regulering i plan.....	6
4.2 Etablering i samband med kommunale utviklingsprosjekt	7
4.3 Etablering av grunneigarar, frivillige og ideelle aktørar, og næringsliv.....	7
4.4 Økonomiske føresetnadar	7
4.5 Andre løysingar og sambruk.....	8
4.5.1 Skogsveggar og velteplassar.....	8
4.5.2 Eksisterande parkeringsplassar	8
4.5.3 Mellombelse løysingar	8
5. Aktuelle område for etablering av nye parkeringsplassar	8
Bjørndalsvatnet	8
Elvavika/Halte-Johansvika friområde	9
Gaustad	9
Hestnes.....	9
Husebø.....	10
Io kai	10
Landsvikskaret	10
Moldekleiv	10
Rylandsneset friområde	11
Skjelanger	11
Skjelanger aust	12
Skurtveit	12
Sætre	12
Sætrevikskrysset.....	12
Øvre Sagstad.....	12
Ådland	13
6. Eksisterande parkeringsplassar, aktuelle for nye tiltak og utbetringar i planperioden	13
Fløksand friområde	13
Hestdal.....	14



Meland motorsportklubb	14
Rosland skule	14
Vollo, gamle Vestbygd skule.....	15
7. Eksisterande parkeringsplassar, ikkje prioriterte for tiltak i planperioden	15
Frekhaug senter.....	15
Flatøy sør	15
Fossemyra.....	15
Hagelsundet.....	16
Hjertås	16
Io friområde.....	16
Leirdalen	16
Litlebergen.....	16
Meland golf	17
Meland kyrkje.....	17
Varnappen	17
8. Rasteplassar og utsiktspunkt.....	18
Brakstadvatnet	18
Espetveit – Gaustad med utsikt mot Eldsfjellet	18
Frekhaug – Fossesjøen, gangveg	18
Frekhaug senter/Langelandstjernet	18
Hestnes	18
Kleivane	19
Landsvik-Skjelanger	19
Måneskinsbrua/Nyebrua, tjern/stemme	20
Skurtveit – Landsviklia med utsikt over Storavatnet.....	20
Storeknappen, utsiktspunkt	20
Utsikten mellom Dalstø og Holmemarka	21



1. Tilkomst til friluftsområda i Meland

Tilhøva for å drive eit aktivt, tilgjengeleg og inkluderande friluftsliv, både på vatn og land, er ofte avhengig av korleis ein som friluftsbukar kan komme seg fram til friluftsområda våre. I arbeidet med å fremje og leggje til rette for friluftslivet, har kommunen fremja nærmiljøperspektivet i at alle i Meland skal ha ein tursti i nærleiken av der dei bur. I vår varierte topografi er dette eit mål som er oppnåeleg. Likevel ønskjer innbyggjarane og besøkande å kunne variere destinasjonar og løyper, noko som krev at dei kan komme seg rundt.

Kollektivtilbodet i kommunen legg til rette for dette ved dei fleste friluftsområda, men få avgangar gjer at dette oftast ikkje er eit reelt alternativ for mange i ein travel kvardag.

I Meland strekk friluftsområda seg mellom bygdene, og om ein har bil er det stort sett høve for å komme seg til der turstien startar, eller ein kan setje ut kajakk eller kano. Tilgang på gode, tilrettelagde og trafikksikre plassar for å parkere bilen er derimot mangelfulle, med somme unntak. På tilsvarande vis er det få rasteplassar og tilrettelagte utsiktpunkt å finne i kommunen, både for eldre som treng ein pust i bakken, barnefamiliar som treng ein plass å ete matpakken, eller berre ein stad å stoppe på vegen og nyte utsikten over den særst flotte naturen i kommunen.

Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019 legg fram ei satsing på friluftslivet i planperioden, som i stor grad er retta mot tilrettelegging og merking av turstiar og tilhøva for padling. Desse tiltaka tek i bruk naturen og stiane ein har i dag, og nyttar relativt små midlar i eit trepartssamarbeid mellom frivilligheit, grunneigarar og kommune, med ein snøballeffekt. Tilrettelegging ein plass førar til auka engasjement og meir tilrettelegging fleire plassar. Behova for å ordne tilhøva for parkering har dermed vakt dei siste åra, og kjem etter alt å dømmen til å verte forsterka etter som ytterlege friluftsområde vert tilrettelagte.

2. Kjelder og bakgrunnsdokument

Allemannsretten. Reusch, Marianne (2012). Flux forlag

Forskrift om kjørende og gående trafikk, (trafikkreglene). (2004). Samferdselsdepartementet.

Friluftsløven med kommentarer. Reusch, Marianne (2016). Gyldendal juridisk.

Kartlegging og verdisetting av friluftsområde. (2016). Meland kommune.

Lov om friluftslivet, (friluftsløven). (2015). Klima- og miljødepartementet.

Lov om planlegging og byggesaksbehandling, (plan- og bygningsloven). (2017). Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Tiltaksplan for trafikksikring 2017–2020. (2017). Meland kommune.



3. Definisjoner og føresetnader

Rulleringa av planen kan sjåast som ei utviding av horisonten for friluftslivet i planperioden, der ein definerer rammene for nye tiltak som skal kunne betre tilhøva for mellom anna parkering og rasting.

3.1 Parkeringsplassar

Med parkeringsplassar vert det i denne samanheng i hovudsak meint opparbeida område med avklart trafikksituasjon og formål til parkering.

Det er lovleg å parkere bil langs offentleg veg så lengje ein ikkje bryt *Forskrift om kjørende og gående trafikk (trafikkreglene) § 17*. I *Lov om friluftslivet (Friluftsloven) § 4* er det *Ved offentleg vei (...) tillatt å parkere i utmark, såfremt det ikke volder nevneverdig skade eller ulempe*.

Mindre tilrettelegging kan skje utan å vere søknadspliktig eller krevje avklaring eller løyve frå vegmyndigheitene. Oftast vil det likevel vere naudsynt med godkjent avkøyring, anten som nyetablering eller endring av eksisterande der auka bruk ikkje er i samsvar med opphavleg løyve. Parkeringsplassane kan verte regulert gjennom plan, eller som tiltak i LNF-område med eventuell dispensasjon. Disponering av areal til slikt formål kan òg gå fram av arealdelen av kommuneplanen.

Parkeringsreglane gjeld òg for bubilar og campingvogner, saman med avgrensingane for overnatting og camping i friluftsløva. Slike køyretøy må stå minst 150 meter frå hus eller hytte som vert budd i, og ha godkjenning frå grunneigar dersom dei skal stå i meir enn to dagar. Ein kommune kan regulere åtfersdsreglar ved parkering ved særlege tilhøve, og etter plan- og bygningslova § 30-5 kan ikkje slike køyretøy vere til hinder for allmenn ferdsel eller friluftsliv. Vidare kan kommunen ved forskrift eller i plan avgrense retten til overnatting eller camping ved visse tilhøve. Ved etablering av nye parkeringsplassar må ein ta høgde for denne problemstillinga.

3.2 Rasteplassar og utsiktspunkt

Med rasteplassar meinast (1) særleg tilrettelagte område eller (2) sambruk eller utviding av eksisterande område, med til dømes sitjeplassar, bål plass, gapahuk og eventuelle tilpassingar av terrenget. Formålet vil vere å skape ein plass for opphald, leik og kvile. Nivået kan vere frå å setje opp ein benk, der ein kan setje seg ned å kvile eller raste, eller som eit større tiltak som kan utviklast over tid. Rasteplassane kan både stå i samanheng med turområda og langs gangveg og fortau mellom bygdene.

Utsiktspunkt vil ha tilsvarande og til dels overlappande formål og funksjon som rasteplassar, men med utsikt som ein tilleggsdimensjon, som vil vere førande for kvar det er aktuelt å etablere slike punkt.





Fossen i Mjåtveitelva. Foto – Per Henning Wiken

4. Økonomi, planlegging og gjennomføring

Tiltaka kan gjennomførast anten av (1) kommunen som eige prosjekt eller i samband med andre kommunale tiltak, eller (2) av private, frivillige og ideelle aktørar aleine eller i samarbeid med kommunen. Tiltaka har derfor ein potensiell påverknad på kommuneøkonomien både på investerings-, drifts- og personellsida.

Planen søkjer ikkje å avklare problemstillingane ved dei einskilde områda, til dømes i høve til grunneigarinteresser og arealstatus, men å gi overordna føringar, arbeidsmetodar, innsatsområde og grove prioriteringar. Planen skal vere eit utgangspunkt for konkretisering av dei einskilde tiltaka.

For kommunen sin del er det få støtteordningar som gir midlar til parkeringsplassar, og då berre ved spesielle tilhøve som ordninga for *Nasjonale turstier* og i somme tilfelle ved statlege midlar til opparbeiding av sikra friområde. Spelemidlar kan ikkje nyttast til dette formålet.

Organisasjonar kan søkje ideelle gåveytarar om tilskot til formålet, som kan stå saman med eventuelle kommunale tilskot.

Når det gjeld rasteplassar og utsiktspunkt er forholda tilsvarande, der kommunen sine høve for ekstern finansiering er avgrensa. Ein kan derimot søkje eksterne tilskot til tiltak som til dømes gapahukar og aktivitetsutstyr som kajakkar og liknande.

4.1 Regulering i plan

Regulering av parkeringsplassar, rasteplassar og utsiktspunkt i samband med planarbeid i kommunen er ein sentral arbeidsmetode for å sikre areal til formåla – ved vegplanlegging, utvikling av bustad- og



næringsfelt og i rullering av arealdelen til kommuneplanen. Tiltaka kan så gjennomførast av aktuelle partar.

4.2 Etablering i samband med kommunale utviklingsprosjekt

Kommunen har fleire store utviklingsprosjekt i åra som kjem. Høva for å etablere parkeringsplassar, rasteplassar og utsiktspunkt må verte vurdert i ulike kommunale prosjekt, med kontaktpunkt mellom relevante fagavdelingar.

4.3 Etablering av grunneigarar, frivillige og ideelle aktørar, og næringsliv

Planen søkjer å leggje til rette for samarbeidsformar kommunen kan drive opp mot andre aktørar. Fleire plassar kan både grunneigarar, organisasjonsliv eller næringsliv har interesse av å etablere parkeringsplassar, som aleine eller i samanheng kan komme friluftslivet til gode.

4.4 Økonomiske føresetnader

Gjennomføring av tiltaka krev midlar. Det er her ikkje mogleg å setje faste kostnadskalkylar på slike parkeringsplassar, både grunna ulike nivå på standard frå prosjekt til prosjekt og kva for grunnforhold som gjeld på dei einskilde plassar. Planen legg opp til at gjennomføringa kan gjerast både av kommunen og private. Kostnadar ved ekstra parkeringsplassar ved kommunale anlegg må inn i økonomiplan investering. Er utbyggjar grunneigar eller frivillige/ideelle aktørar vil eit kommunalt bidrag måtte vere aktuelt i form av tilskot, noko som må inn i økonomiplan drift. Planen legg ikkje opp til at kommunen må eigna til seg grunn, men heller inngå langsiktige avtaler med grunneigar.



Frå Skintveitmarka. Foto – Ane Bysheim



4.5 Andre løysingar og sambruk

4.5.1 Skogsvegar og velteplassar

Opparbeiding av parkering i samband med avkøyringar til skogs- og landbruksvegar må skje etter avtale med vegeigar. Ei slik løysing vil krevje godkjenning av avkøyringa, og parkeringa kan ikkje vere i konflikt med næringsdrifta vegen er meint til å tene.

Velte- og sнопlassar til skogdrift kan i prinsippet nyttast som parkeringsplass etter avtale med eigar, men denne bruken kan ikkje gå føre seg samtidig som skogsdrifta. Dette vil gi utfordringar ved å nå fram med kommunikasjon til friluftsbukarar i dei tilfella velte- og sнопlassen vil vere stengt, noko som kan føre til trafikkfarlege situasjonar om det kjem store brukargrupper, som er van med å kunne parkere på plassen. Vidare vil lagring av tømmer og maskinar utgjere ein tryggleiksrisiko. I dag er ofte slike plassar avstengt for å hindre at folk nyttar dei som parkering, av dei nemnde grunnane.

4.5.2 Eksisterande parkeringsplassar

Berre somme av parkeringsplassane i kommunen i dag har som hovudformål og tene friluftsområde: Ved Io friområde, på Litlebergen og Fløksand friområde.

Andre parkeringsplassar, som dels vert nytta til formålet, er ved motorsportbanen på Rossland, ved Rossland skule, Leirdalen idrettsanlegg, Meland Golf, Framo Hjertås, gamle Vestbygd skule, Meland kyrkje, Fossemymra idrettspark, Varnappen, Frekhaug senter og innfartsparkeringa ved Hagelsundbrua. I tillegg er det fleire mindre plassar rundt i kommunen der det er vanleg å setje frå seg bilen.

4.5.3 Mellombelse løysingar

Nokre tiltak kan vere aktuelle som mellombelse, ved å utnytte kortvarige tilhøve til parkeringsbruk. Vidare kan bruk svinge med sesong, eller ved store utfartsdagar. Det kan vurderast å gjere særlege tiltak ved slike høve, til dømes med mellombels skilting og nedsett fartsgrense.

5. Aktuelle område for etablering av nye parkeringsplassar

Dei følgjande område vart peika på av Utval for levekår. I tillegg har ein dratt inn kjend kunnskap om tilhøva for parkering i område med høg friluftsbuk, mellom anna frå *Kartlegging og verdisetting av friluftsområde i Meland*. Prioriteringa er frå 1 – 4, med 1 høgast. Høgast prioritering er i denne samanheng ikkje lik med *viktigast*, men eit arbeidsverktøy på kort sikt etter kjende faktorar ved dei ulike område per i dag. Eit viktig tiltak, som vil måtte vere lenger fram i tid grunna andre tilhøve, vil vere lågare prioritert i denne omgang.

Bjørndalsvatnet

Mange padlarar set ut kajakk eller kano i Jonsbotnen i Bjørndalsvatnet. Fordelen er å kunne komme inn mot Storavatnet frå vest, utan den lange turen rundt Rylandsvatnet og slepet over Nedre Skjevlo. Området er kupert, og etablering av ny parkeringsplass her bør stå saman med mindre tiltak for tilkomsten ned til vatnet.

Tiltak: Søkje avtale med grunneigarar for areal for ein mindre parkeringsplass. Opparbeiding av trapp ned til vatnet, med ein liten utsettingsplass. Avkøyring må avklarast.

Gjennomføring: Kommune/grunneigar/organisasjonsliv

Prioritering: 3 – viktig tiltak for padlarar til Storavatnet. Kan verte eit kostnadskrevjande anlegg.





Fisk frå Rylandsvassdraget. Foto – Ane Bysheim

Elvavika/Halte-Johansvika friområde

Elvavika friområde ligg tett ved Frekhaugmarka, og med gode turstiar mot Frekhaug. Det er her mellom anna badeplass, strand og frisbeegolfbane. Området er svært populært på fine dagar, som kan føre til utfordrande trafikktilhøve i bustadfeltet. Ein bør sjå etter areal for etablering av parkering til friluftsføremål.

Tiltak: Etablere parkering

Gjennomføring: Kommune/grunneigarar/organisasjonsliv

Prioritering: 2 – mange lokale brukarar. Kan føre til større trafikk gjennom bustadfeltet.

Gaustad

Austebygda har ingen regulære parkeringsplassar til friluftsbukarar, noko som er eit hinder for utvikling av dei svært verdifulle naturområda frå Gaustad til Landsvik. Det mest sentrale utfartsmålet ved Gaustad er Gaustadfjellet, sekundært Kvernvatnet og Gaustadvatnet. Ein bør gå i dialog med grunneigarar frå Kyrkjeleitet og forbi innmarka på Gaustad.

Tiltak: Etablere parkering

Gjennomføring: Kommune/grunneigarar/organisasjonsliv

Prioritering: 1 – Gaustadfjellet er eit sentralt turmål i regionen.

Hestnes

Hestnes ligg heilt aust i Rylandsvassdraget og er ein tradisjonell badeplass og utgangspunkt for padleturar. Området har ikkje parkeringsplassar, men er svært mykje brukt. Det er kulturminne i området, som må kartleggast før eventuell parkering kan etablerast. Eigedomen er i privat eige, og ein må gjere avklaringar lokalt. Ved større parkeringskapasitet vil belastinga på området verte større



enn i dag, og det er ingen fast drift av plassen. Etablering av parkering her må samkøyrast med eit drifts- og skjøtselsopplegg.

Tiltak: Etablere parkering.

Gjennomføring: Kommune/grunneigarar

Prioritering: 2 – større kapasitet ved Hestdal vil avlaste, ein bør ikkje leggje til rette for parkering på Hestnes utan å sikre føreseieleg drift og skjøtsel.

Husebø

Inst på Husebø ligg inngangspunktet mot Storafjellet frå aust. Området har ingen plassar for parkering i dag. Husebø er eit viktig jordbruksområde, og belastinga ein eventuell parkeringsplass vil medføre må vurderast. Det er få høve til å ta unna toppar i trafikk, som kan medføre trafikkfarlege situasjonar.

Tiltak: Søkje avklaring med grunneigar om etablering av nokre få plassar inst på Husebøvegen mot nordvest.

Gjennomføring: Kommune/grunneigar

Prioritering: 4 – tiltaket vil kunne medføre ulempe for jordbruk, nærmiljø og trafikkavvikling.

Io kai

Kaien på Io vert nytta av padlarar og dels til vitjande til Øpso, og det kan vere tronge tilhøve ved mykje bruk.

Tiltak: Utvide areal ved Io kai til parkering.

Gjennomføring: Kommune

Prioritet: 4 – Tiltaket vil krevje terrengtilpassing i strandsonen, ved eit eldre naustmiljø. Det er god kapasitet ved Io friområde, som padlarar kan nytte seg av.

Landsvikskaret

Langs fylkesvegen sør for Ådnefjellet går det tursti forbi vatna ned mot Havrevågen. Området har høg naturverdi. Det er ingen gode høve for å parkere her, og ein parkeringsplass ville gjort områda aust mot Ådland meir tilgjengeleg, og betra trafikksituasjonen.

Tiltak: Søkje avtale med grunneigar for å etablere ein mindre parkeringsplass langs fylkesvegen.

Tiltaket krev godkjend avkøyring.

Gjennomføring: Kommune

Prioritet: 2 – Havrevågen kan verte eit framtidig friområde.

Moldekleiv

Krossfjellet og Fageråsen er dei viktigaste nærtuområda for Litlebergen-Moldekleiv-Skarpeneset.

Bruken er i stor grad lokal, men etablering av parkeringsplass i området mellom Sundet og Moldekleiv vil vere avlastande for ferdsel mot Krossfjellet frå andre utgangspunkt, ved å trekkje fleire turgåarar hit. Ein bør sjå etter areal i samband med pågåande vegplanarbeid.

Tiltak: Etablere ny parkeringsplass

Gjennomføring: Kommune

Prioritering: 1 – planarbeid pågår.



Rylandsneset friområde

Friområdet på Rylandsneset (Lunden) har ei viktig historie og sentral posisjon i bygda. Området har gjennom åra vore nytta av nærmiljø og skule til rekreasjon, leik og undervising, men utvikling av området vert avgrensa av mellom anna tilkomst og parkering. Området grenser i sør mot det pågåande planarbeidet ved Rylandshøgda.

Tiltak: Setje av areal i planarbeid for parkering og tilkomst for friområdet.

Gjennomføring: Kommune/grunneigar/næringsliv/organisasjonsliv

Prioritering: 1 – planarbeid pågår. Utvikling av friområdet står i samband med utviklinga i nærområda.



Storavatnet. Foto – Ane Bysheim

Skjelanger

Skjelanger ligg heilt nord på Holsnøy, i enden av fv. 249. Friluftsbuk bruk går føre seg i det tilrettelagte turområdet nordaust for innmarka, i retning Storafjellet og Husebø. Vidare er plassen vest for kaien populær som badeplass og til utsetting av kajakk. Skjelanger båtforening ligg òg her. Nord for innmarka ligg nedlagde Skjelanger fort. Området er for framtida sett av som friområde og bygningsmassen er sanert. Fortet kan ikkje frigjerast før aktivitetane knytt til skytebanen er sanert.

Kaiområdet er for lite for å nyttast som parkering. Det er somme stadar ved nausta i området som vert nytta til parkering. Mellom Skjelangerpollen og Sjøholmen er det etablert ei landtunge som ikkje kan disponerast til parkering, grunna arealformål.

Tiltak: Ein bør søkje samarbeid med grunneigarar for å lokalisere areal for parkering.

Gjennomføring: Grunneigar/organisasjonsliv

Prioritering: 4 – lite tilgjengeleg areal.



Skjelanger aust

Langs fylkesvegen vest for Svartemyra ligg det ein trafokiosk med plass til eit par bilar. Denne vert somme gongar nytta til å setje frå seg bil ved friluftsbuk, turstien herfrå er eit inngangspunkt til turområda mot Storafjellet.

Tiltak: Ein bør søkje avtale med grunneigar ved trafokiosk og –eigar mot vest om å nytte eit mindre areal til å opparbeide parkering. Tiltaket krev godkjend avkøyning.

Gjennomføring: Kommune/grunneigar/organisasjonsliv.

Prioritering: 1 – Plassen har potensial til å verke som hovudparkeringsplass for turgåarar i området.

Skurtveit

Frå Skurtveit går ein annan hovudsti opp mot Varden og Vetten på Eldsfjellet, og turgåarar set frå seg bilar ulike plassar i området. Det er eit behov for å avklare parkeringstilhøva. Skurtveit er eit viktig jordbruksområde, som somme gongar opplev problematikk i samband med friluftsbuk. Ein eventuell parkeringsplass her må vere godt forankra i nærmiljøet. Eit alternativ er utbetring av areal opp mot fylkesvegen/snuplass for buss.

Tiltak: Søkje avklaringar med nærmiljøet om korleis parkering og friluftsbuk kan avpassast lokale tilhøve og interesser. Etablere ein parkeringsplass på passende areal.

Gjennomføring: Kommune/grunneigarar

Prioritet: 2 – Eldsfjellet er eit svært populært turmål, og tilgrensande område treng avklaringar for framtidig tilrettelegging, òg for å minske belastning for nærmiljøet.

Sætre

Nede i Sætrevika kan ein gå til Eldsfjellet eller setje ut kajakk. Området vert nytta til parkering av fleire hytteeigarar i området.

Tiltak: Søkje samarbeid med grunneigarar om eit mindre areal for parkering, hovudsakleg for padlarar.

Gjennomføring: Kommune/grunneigar

Prioritering: 3 – avgrensa areal tilgjengeleg.

Sætrevikskryset

Ved Nordavinden og Sjøslaget ligg det parkeringsplassar til bruk for besøkande til husa og tilboda der. Ein kan gå inn Husebøvegen til stien mot Storafjellet, eller sør mot Sætre til stien mot Vetten på Eldsfjellet. Sætre er eit utgangspunkt for kajakkpadlarar, og det er gravfelt i området som kan eigne seg til formidling. Buk av parkering til friluftsliv kan komme i konflikt med annan buk, og trafikktoppar i helgene kan samanfalle med arrangement ved Nordavinden og Sjøslaget.

Tiltak: Søkje samarbeid med eigarar for å sjå etter areal til utviding av eksisterande parkeringsplassar. Tiltaket krev godkjend avkøyning.

Gjennomføring: Kommune/grunneigar/næringsliv/organisasjonsliv

Prioritering: 3 – området ligg eit stykkje frå utgangspunkta for friluftsbuk på land og sjø, og har sambruksproblematikk.

Øvre Sagstad

Turen frå Øvre Sagstad mot Krossfjellet har vorte ein av dei mest populære i kommunen, og går gjennom eit rikt jordbrukslandskap. Dagens situasjon gir utfordringar for gardsdrifta, og ein bør sjå



etter løysingar for å regulere parkeringsåtfërda på ein betre måte. Tiltaket må planleggast og gjennomførast i tett samspel med grunneigarar, og kan òg tene andre eventuelle parkeringsbehov. Tilrettelegging frå andre turutgangspunkt til Krossfjellet kan avlaste situasjonen, men behovet vil truleg bestå.

Tiltak: Etablere parkering ved Øvre Sagstad

Gjennomføring: Kommune/grunneigarar

Prioritet: 1 – friluftsbuiken av Krossfjellet har hatt ei stor auke dei siste åra.

Ådland

Tilsvarande som for Gaustad er det behov for parkeringsareal på Ådland. Turstiane gir tilkomst til Bårafjellet, Gaustadjellet, Kvernavatnet og Havrevågen. Ein bør gå i dialog med grunneigarar og organisasjonsliv for å sjå etter mogleg areal.

Tiltak: Etablere parkering

Gjennomføring: Kommune/grunneigarar/organisasjonsliv

Proritering: 2 – Gaustadjellet tek forrang.

6. Eksisterande parkeringsplassar, aktuelle for nye tiltak og utbetringar i planperioden

Fløksand friområde

Badeplassen på Fløksand er ein av dei mest populære utfartsmåla i kommunen på godværsdagar i sesong. Parkeringsareala og trafikksituasjonen er pressa, og avkøyringa mellom fv 249 og Fløksandsvegen bidreg til trafikkfarlege situasjonar.

Tiltak: Følgje opp i samband med vegplanlegging.

Gjennomføring: Kommune

Prioritering: 1 – høva for reell utbetring avhenger av vegplanarbeidet.



Fløksand friområde. Foto – Ane Bysheim



Hestdal

Tilrettelagd kai for å setje ut kajakk/kano, passsar for rullestolsbrukarar. Drifta av Bergen og Omland Friluftsråd. Hovudutgangspunkt for turar på Storavatnet frå aust. Det er plass til kring fire bilar ved plassen. I samband med vatn- og avlaupsprosjekt bør ein finne areal til fleire parkeringsplassar her.

Tiltak: Setje av areal for utviding av parkeringsplass i samband med vatn og avlaupsprosjekt, og samkøyre gjennomføring

Gjennomføring: Kommune

Prioritering: 1 – svært viktig utgangspunkt for padlarar på Storavatnet.

Meland motorsportklubb

Motorsportklubben har areal på Rossland, vest for fylkesvegen opp mot Eldsfjellet. Klubben er i ein større utbyggingsfase, og ser fram til ein motocrossbane av regional verdi. Reguleringsplanen for idrettsanlegget legg opp til parkeringsplassar for ålmenn bruk ved den svært populære stien mot Varden på Eldsfjellet. Det er eit stort behov for å auke kapasiteten her. Anlegget har godkjend avkøyring.

Tiltak: Søkje avtale med grunneigar for å sikre meir areal til parkering, samkøyre med kommunale vatn- og avlaupsprosjekt.

Gjennomføring: Kommune/grunneigar/organisasjonsliv

Prioritet: 1 – turstien mot Eldsfjellet har høg bruk og potensiale som regionalt turmål. Det er ofte trafikkfarlege tilhøve på store utfartsdagar.



Veten på Eldsfjellet. Foto – Eirik Bouwer Utne

Rosslund skule

Parkeringsplassen forbi austleg ende av grusbanen ved skulen vert i dag nytta av turgåarar i Skintveitmarka og padlarar på Rylandsvatnet og – vassdraget. Det er plass til om lag 6 – 8 bilar her. Det er eit stort behov for utvide kapasiteten ved parkeringa. Skintveitmarka er i bruk på dagtid i kvardagen samtidig som skulen er open, og bilhengarar til kajakktransport tek opp areal. Området er eigd av kommunen og regulert til offentleg tenesteyting. Organisasjonar i området har ytra ønskje om å utvikle området ned mot elva til eit mindre anlegg for utsetting av kajakk og kano.

Tiltak: Utvide dagens område aust for grusbanen ved Rosslund skule.

Gjennomføring: Kommune

Prioritering: 1 – stort behov for større parkeringsareal til dei populære friluftsområda i nærleiken. Kommunal eigedom.



Vollo, gamle Vestbygd skule

Vollo er det mest nytta utgangspunktet for turar mot Brakstadjellet. Parkering er i dag i utvida busslomme frå skulen/barnehagen si tid. Parkeringsplassen er òg nytta for turar til Tveitanipa og Røysetfjellet, samt mot Myrtveit og Sjurdal.

Tiltak: Etablere/regulere parkeringsplass ved gamleskulen. Ein må gå i dialog med Skyss og vegmynda for å sjå kva for løysingar som er moglege.

Gjennomføring: Kommune

Prioritering: 1 – Den einaste reelle parkeringsplassen for det svært populære turområdet, som òg vil oppleve vekst i åra framover.

7. Eksisterande parkeringsplassar, ikkje prioriterte for tiltak i planperioden

Frekhaug senter

Parkeringsareal til senterfunksjonane på Frekhaug. Vert nytta for turar til Storeknappen sørfra.



Halte-Johansvika. Foto – Anita Oppedal.

Flatøy sør

Innfartsparkering søraust for bussterminal på Flatøy. Vert i mindre grad nytta av friluftsbukarar.

Fossemyra

Parkering for idrettsanlegget. Vert nytta av turgåarar til Storeknappen frå vest. Kommuneplanen legg til rette for framtidig utviding av parkeringskapasitet nord for anlegget.



Hagelsundet

Innfartsparkering på vestsida av E39 ved Norbetong. Stor ny parkeringsplass og busshaldeplass, som gir gode tilhøve for turgåarar mot Håøytoppen.



Håøy friområde. Foto: Ane Bysheim

Hjertås

Parkeringsareala til Framo Holsnøy vert nytta av turgåarar i området ved Hjertåsfjellet. Det kan vere behov for å avklare situasjonen ved seinare høve, dersom friluftsbuiken får konsekvensar for Framo.

Io friområde

Friområdet på Io har i dag ein større parkeringsplass i tilknytning teltplassen. Friområdet har ein av få tilrettelagde plassar i kommunen for telting, og det einaste med parkeringsplass. Områda rundt Io er viktig for umotorisert sjøsport, med lune viker og rasteplassar. Utvikling av landområda mot Kobbvågen til friluftsbuik, er utsett grunna framtidig hogst i plantefelta nord for teltplassen. Det vert vurdert til at sjølve parkeringsplassen ikkje har behov for ytterlege tiltak i planperioden.

Leirdalen

Parkering ved idrettsanlegget i Leirdalen. Vert i mindre grad nytta av friluftsbuikarar, men er i nærleiken av turstiar til Kjerringa/Kåno og Eikelandsvatnet.

Litlebergen

Offentleg parkeringsplass i bakkant av husa på Litlebergen, som skal tene padlarar, besøkande og Smineset.



Meland golf

Parkeringa ved golfbanen vert òg nytta av turgåarar i golf- og naturparken, samt områda rundt Eikelandsvatnet. Det er utviklingsplanar ved golfbanen, som vil kunne medføre større parkeringskapasitet.



Meland Golf, Leirvik gard. Foto – Ane Bysheim

Meland kyrkje

Parkering til kyrkja og gravplassen. Vert nytta som utgangspunkt for turar mot Krossfjellet og Nipene. Parkeringsplassen er pressa på dagar med stort kyrkjebesøk. Det vert vurdert til at ein ikkje bør oppmoda og legge til rette for friluftsparkering i større grad enn i dag.

Varnappen

Nyetablert parkering vest for friområdet på Varnappen/Badevika.



8. Rasteplassar og utsiktspunkt

Følgjande område vart peikt på av Utval for levekår.

Brakstadvatnet

Brakstadvatnet ligg mellom to viktige turområde i kommunen, Hjertåsfjellet og Brakstadfjellet. Ein rasteplass her vil vere av verdi for ferdsla i område i tillegg for nærmiljøet. Aktuell plass for etablering vil vere i nordenden av vatnet, ved Vassskåkje, i nærleiken av fv 244. Plassen bør verte etablert vekk frå veg, og avklaring med vegeigar må gjerast i forkant. Ein bør sjå etter eit noko større areal, som kan verte utgangspunkt for framtidig utvikling med til dømes utsetting av kano. Plassen bør ikkje leggjast til rette på ein måte som krev parkering.

Tiltak: Etablere enkel rasteplass ved Brakstadvatnet, på areal med høve for framtidig utviding.

Gjennomføring: Meland kommune/organisasjonsliv

Prioritering: 2

Espetveit – Gaustad med utsikt mot Eldsfjellet

Tiltaket bør samstillast med etablering av parkering ved Gaustad. Ved Kyrkjeleitet er det god utsikt inn mot Storavatnet med Eldsfjellet i bakgrunnen. Tiltak/gjennomføring er tilsvarande som for parkering i same område.

Prioritering: 2

Frekhaug – Fossesjøen, gangveg

Trivselskomiteen etablerte benk og rydda skog ved gangvegen midtveis mellom Frekhaug og Fossesjøen. Benken gir folk høve til å ta eit pust i bakken, og nyte utsikten mot Salhus og Osterøy. Ein må gjere skjøtsel i skogen nedanfor rasteplassen.

Tiltak: Sørge for føreseieleg skjøtsel av skog mellom rasteplassen og fjorden.

Gjennomføring: Kommune/organisasjonsliv

Prioritering: 1

Frekhaug senter/Langelandstjernet

Gjenngrodd tjern, i dag tett krattskog. Området er regulert til næring, og kan verte del av kommande vegplanarbeid. Innspel går på etablering av parkområde, som i tilfelle bør gå saman med annan utvikling og planlegging.

Tiltak: Etablere park og grøntareal ved det tidlegare Langelandstjernet.

Gjennomføring: Kommune/næringsliv

Prioritering: 3 – avhengig av utvikling av Langelandsskogen

Hestnes

Hestnes er ein svært populær badeplass, som bør prioriterast for tilrettelegging. Tiltak må stå saman med etablering av parkeringsplass. Tiltak/gjennomføring er tilsvarande som for parkering i same område, og tiltaket bør innebere føreseieleg drift og skjøtsel.

Prioritering: 2



Kleivane

Eldre vegfar mellom Øvre Fosse og Nedre Sagstad, sidan mellomalderen som kyrkjeveg. I samband med nytt fellesmeieri for Holsnøy vart vegen oppgradert til enkel køyreveg, men står fram i dag som gangveg. I austre del ligg ein gravhaug, prioritert for Meland i *Bevaringsprogrammet for utvalde arkeologiske kulturminne* (Riksantikvaren), der ein kan søkje midlar til formidling av gravminnet. Kleivane er ein viktig innfallsport til Krossfjellet. Ein bør gå i dialog med grunneigarar for å sjå etter areal for tiltaket, eit alternativ kan vere der stien går opp mot Njukane.

Tiltak: Etablere rasteplass/utkikkspunkt i Kleivane

Gjennomføring: Kommune/grunneigarar/organisasjonsliv

Prioritering: 1



Foto – Ane Bysheim

Landsvik-Skjelanger

Rasteplass kan etablerast fleire plassar i området. Eit aktuelt område kan vere ved Sætrevikskrysset, i samband med dei eksisterande tilboda ved Nordavinden, Sjøslaget og ballbingen/aktivitetsområdet. Her er det gravfelt frå førhistorisk tid, som er prioritert for Meland i *Bevaringsprogrammet for utvalde arkeologiske kulturminne* (Riksantikvaren). Her kan det søkjast støtte til formidling, og ein kan gå inn med opparbeida turstiar og informasjonstavler, bord og benkar og andre aktuelle tiltak. Tiltaket er relativt komplekst og ressurskrevjande, og avhengig av lokal forankring og dugnadsinnsats.

Tiltak: Etablere rasteplass i samband med gravfelta på Sætre-Husebø-Bratshaug.

Gjennomføring: Kommune/organisasjonsliv

Prioritering: 3



Måneskinsbrua/Nyebrua, tjern/stemme

Det er skogsvegar og stiar i området nord for Måneskinsbrua, som kretsar tjernet/stemma her. Området er med i turskiltprosjektet, men ikkje oppstarta med endeleg grunneigaravklaring. Ei samkøyring mellom turskiltprosjektet og etablering av benk/bord kan vere aktuelt. Tiltaket må gjennomførast på dugnad.

Tiltak: Etablere benk/bord ved tjern nord for Måneskinsbrua, samt rydde stiar/skogsvegar

Gjennomføring: Organisasjonsliv/grunneigar

Prioritering: 2



Mjåtveit. Foto – Anita Oppedal

Skurtveit – Landsviklia med utsikt over Storavatnet

Områda ved fv 249 vest for Storavatnet har stort utsyn over innlandsvassdraget, fjelltoppane og skogområda rundt Rylandsvassdraget. Ein kan leggje til rette for ein rasteplass/utsiktspunkt langs fylkesvegen, anten for seg sjølv eller i samband med etablering av friluftsparkering og/eller kommunale vatn- og avlaupsprosjekt. Plassen må vere attraktiv for gåande, syklende og bilistar. Rasteplass, i tradisjonell forstand, langs fylkesveg er ikkje eit kommunalt ansvar.

Tiltak: Etablere utsiktspunkt og rasteplass ved fv 249 i austre del av utmarka til Rossland. Tiltaket krev godkjend avkøyring.

Gjennomføring: Kommune/Hordaland fylkeskommune

Prioritering: 1

Storeknappen, utsiktspunkt

Halde nede skogen for å oppretthalde utsikten frå toppen av Storeknappen. Tiltaket må gå saman med turskiltprosjektet, som er på vent i området grunna omfattande hogst. Ein bør i arbeidet med merking og gradering ta med seg skjøtsel og rydding av skog på toppen, i dialog med grunneigarar og organisasjonsliv.

Tiltak: Rydde og skjøtse skog på toppen av Storeknappen.

Gjennomføring: Organisasjonsliv/grunneigarar

Prioritet: 1



Utsikten mellom Dalstø og Holmemarka


Utsikten er ein populær nemning på eit strekk av fylkesvegen i utmarka til Dale ovafor Trollhola. Ein tradisjonell rasteplass her vil måtte stå i samband med tiltak på vegstrekninga i samband med Nordhordlandspakka. Turstien mellom Orrsåta og Dalemarka går her, og det kan vere aktuelt med ei mindre tilrettelegging, til dømes i form av eit bord med benk. Dette enkle tiltaket vil kunne vere ein destinasjon for gåande frå Dalemarka, men vere i nærleiken av biltrafikk som vil skjemma naturopplevinga. Etablering av større rasteplass vil verte av høg verdi, men avhenge av framdrifta i Nordhordlandspakka.

Tiltak: Setje opp bord med benk ved utsikten, spele inn behov for rasteplass/utsiktspunkt i samband med vegplanarbeid.

Gjennomføring: Kommune/organisasjonsliv/vegeigar/vegplanleggjar

Prioritering: 4 – viktig tiltak, lenger fram i tid.





Markeringane viser til plassar som er komme inn som innspel hittil.

Grøn markerer eksisterande, utan behov for tiltak i samband med friluftsliv

Oransje markerer eksisterande, med behov for tiltak

Raud markerer behov for nytt tiltak.

